



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
13.03.2018	38389/2018	Helene Loe Arntsen

Saksnr	Utval	Møtedato
	Utdanningsutvalet	22.03.2018
	Yrkesopplæringsnemnda	22.03.2018

## Fornying av kunnskapsløftet

### Bakgrunn

Samfunnsoppdraget til skolen er å overføre kunnskap, kultur og verdiar. For det enkelte mennesket skal skolen bidra til danning, sosial mestring og sjølvstende. Skolen skal gi elevane høve til å utvikle seg, slik at dei kan gjere reflekterte val og påverke si eiga framtid.

Samstundes må skolen forandrast når samfunnet blir forandra. Ny kunnskap og samfunnsendringar, nye omgivnader og nye utfordringar påverkar skolen og måten å løyse oppdraget på. Skolen skal òg førebu elevane på å kunna sjå utover Noregs grenser og vere ein del av eit større, internasjonalt samfunn.

Stortingmelding nr. 30 «Kultur for læring», forarbeidet til Kunnskapsløftet, viste at kunnskapen om skolen er høg. Elevane treivst, og det var lite mobbing i norsk skole i forhold til kva ein fann i andre land. Internasjonale undersøkingar viste samtidig at norske elevar hadde dårlegare faglege resultat i høve til dei ressursane brukt på utdanning i Noreg, og at det er store forskjellar som følge av sosial ulikskap. Ei relativt stor gruppe elevar tileigna seg ikkje heilt naudsynte, grunnleggande ferdigheter i løpet av skoletida. Det var òg for få som fullførte opplæringa og det var ikkje gitt god nok tilpassa opplæring til alle. Derfor var det brei politisk semje om reforma Kunnskapsløftet i si tid.

Kunnskapsløftet førte til endringar i innhald, struktur og organisering av skolen. Det var fokus på kompetanseutvikling for skoleleiarar og lærarar, og dessutan gjennomgåande læreplanar for heile grunnopplæringa. Noko av hovudmålsettinga var at alle elevar skulle utvikle grunnleggande ferdigheter og kompetanse for å kunna ta aktivt del i kunnskapssamfunnet. Det blei lagt opp til lokal valfridom i arbeidsform, læremateriell og organisering av opplæringa. Den generelle delen av læreplanverket som utdjupar verdigrunnlag og menneskesyn og som låg til grunn for opplæringa, vart vidareført frå tidlegare læreplanverk.

### Fornyinga

No skal innhaldet i Kunnskapsløftet fornyast. «Kva elevane lærer på skolen har stor tyding for framtida vår, derfor fornying. Dette skal vere eit langsiktig fornyingsarbeid som bygger vidare på Kunnskapsløftet, og på den måten skal kontinuiteten sikrast for både lærarar og elevar», sa tidlegare kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen. Det skal vere ei fornying av Kunnskapsløftet, men ikkje ein ny skolereform. Bakrunnen for fornyinga er NOU 2014: 7, om elevane si læring i framtida og NOU 2015: 8, om skolen i framtida. Begge desse er skrive av

Ludvigsen-utvalet, som igjen er ein del av bakgrunnen for tiltaka i Stortingmelding 28, Fag – Fordypning – Forståing.

Hovudforslaga er fornying av dei gjennomgåande faga i skolen. Dette for å gi elevane djupare læring og betre forståing, blant anna fordi dagens læreplanar er for omfattande og bidreg til overflatelæring i staden for djupare læring. I tillegg skal det breie danningsoppdraget få ein tydelegare plass i skolekvardagen. Samtidig skal vi halda fast på og vidareutvikla dei grunnleggande ferdighetene i skolen. I dag er nye tema teke inn i dei nasjonale læreplanane utan at noko anna er teke ut. Det gjer at lærarplanane har blitt stadig meir «overlessa». Lærarane må hasta vidare til nye tema utan at elevane har fått tid nok til mellom anna å fordjupe seg. Derfor foreslo regjeringa å fornye læreplanane, halda på dagens fag, men med færre og tydelegare kompetanse mål.

Regjeringa fikk støtte til fleire endringar i læreplanane, t.d. at tre fagovergripande tema *berekraft, demokrati og medborgarskap, folkehelse og livsmestring* skal prioriterast i fagfornyinga. Demokratiutvikling er noko av kjernen i oppdraget til skolen og er tema i fleire fag. Derfor er dette viktig. Berekraftig utvikling skal romme både miljøutfordringane og teknologiske endringar. Dette er også tema som vil prege samfunnsutviklinga.

Gjeldande fag- og timefordeling og behovet til skolane for å kunna organisere opplæringa, skal liggetil grunn for fagfornyinga. Eit anna hovudpoeng er at rettferdig vurderingspraksis skal vidareutviklast i fornyinga, som igjen skal bidra til å støtte læringa for eleven.

I fornyinga er det utarbeidd og fastsett ein ny generell del av læreplanverket: Overordna del – verdiar og prinsipp for grunnopplæringa, fastsett 1. september 2017. Den bygger på og utdjupar føremålsparagrafen i Opplæringslova, og skildrar danningsoppdraget til skolen og det verdimesseige, kulturelle og kunnskapsmessige grunnlaget for opplæring. Den tydeleggjer også verdigrunnlaget for opplæringa og det heilskaplege ansvaret skolen har for å utvikle sosial kompetanse til elevane. Det er viktig at den nye overordna delen er sentral i diskusjonane i skolen og fagnettverka.

Noko av årsaka til at det er fastsett ein ny overordna del, er fordi den generelle delen har blitt for lite brukt. Fornyinga kan derfor bidra til å betre samanhengen i heile læreplanverket. Det betyr at verdiane og haldningane må understrekast og takast opp jamleg og på fleire plan.

Regjeringa har skissert prosessen med fornying av læreplanane og korleis aktørane i skolesektoren skal involverast med ein eigen strategi. Den ivaretak brei involvering og tilstrekkeleg tid i prosessen. Regjeringa legg rammer for arbeidet, men har understreka at det er fagfolka og skolesektoren som skal gje dei konkrete faglege vurderingane. Verknadane av fornyinga skal evaluerast. Dette vert gjort for å sikre ein god prosess. I tillegg seier stortingmeldinga noko om kva endringa vil krevje av skoleeigarar, skoleleiarar og lærarar, og korleis staten kan legge til rette for å støtte opp om det lokale arbeidet. Det lokale utviklingsarbeidet bør starte i forkant og bygge på opparbeidd kompetanse frå Kunnskapsløftet. Med nytt rettleiings- og støttemateriell, vil det lokale arbeidet med læreplan i framtida bli meir direkte knytt til planlegging og organisering av undervisinga. Prosessen med å utvikle nye læreplanar vil ta tid. Siktemålet er derfor innføring frå hausten 2020.

Det er òg foreslått endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen. Tilbodsstrukturen for yrkesfaga er dei yrkesfaglige utdanningsprogramma, Vg2-tilboda, lærefag og yrkeskompetansefaga som blir tilbydd elevane som vel fagopplæring. Endringane skal bidra til at fag- og yrkesopplæringa blir meir relevant for behovet arbeidslivet har for faglært kompetanse, og for at fleire føretak skal nyte lærlingeordninga for å rekruttere arbeidskraft.

### **Prosessar og lokalt arbeid**

For å sikre ein god prosess i arbeidet har fylkesutdanningssjefen allereie begynt å informere om fornyinga av Kunnskapsløftet og å involvere skoleleiarar.

I februar 2018 hadde utdanningsavdelinga idemyldring om arbeidet med fornyinga saman med rektorar og assisterande rektorar. Arbeidet kan skisseras til døme slik:

Skoleåret 18/19 og 19/20	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tema på rektormøte og i møte med fagnettverka</li><li>• Delta på høyringar og foreslå medlemmer til læreplangrupper</li><li>• Tema på skuleleiarsamlingar og i fagnettverka</li><li>• Fagdagen i samband med skolestart til lokalt arbeid med fagforsyninga og nye læreplanar</li><li>• Skolane førebur seg</li></ul>
Hausten 2020	<ul style="list-style-type: none"><li>• Arbeidet blir no utført i skolane ved at nye læreplanar blir tatt i bruk</li><li>• På rektormøta bør status i arbeidet med fornyinga bli tema</li></ul>

Fylkeskommunen ønsker å påverke i dei prosessane som no føregår. Derfor vil utdanningsavdelinga be skolar og fagnettverk om å svare på høyringar, vere aktive i arbeidet som skal føregå med nye læreplanar og foreslå medlemmer til læreplangruppene. Vi ser det som viktig å få med fagpersonar frå fylket i læreplangruppene.

Skolen som eiga verksemde og med eit sjølvstendig ansvar for pliktar og mål for verksemda, er dei som skal følge opp arbeidet i fagseksjonane/-avdelingane.

Skoleleiinga må leie arbeide med fornyinga, samt med eventuelle tverrfaglege perspektiv. Det vil òg vere opp til skolen å opne for meir tverrfagleg samarbeid intern i skolen og på tvers av skolane. Skoleleiinga må aktivt arbeide saman med lærarar i fornyinga, vurdera kompetansen til lærarane i høve til kompetanseutvikling og rekruttering, samt vurdere behovet for nytt utstyr. Dei må også gjennomføre prosessar både i høyringsrundane og innføringa som involverer og ansvarleggjer fagseksjonane/-avdelingane på skolane. Skoleleiinga og utdanningsavdelinga må saman sørge for at dei ute i skolane sikrar ei felles forståing for nye læreplaner og den nye overordna delen i skolen.

Det er viktig at utdanningsavdelinga, skolane og fagnettverke blir sentrale i arbeidet med fornyinga av Kunnskapsløftet og læreplanarbeidet i dei enkelte faga.

### **Forslag til vedtak:**

Utdanningsutvalet tek saka om fornying av Kunnskapsløftet til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Erik Brekken  
fylkesutdanningssjef